



DEN NORSKE KYRKJA

Askvoll sokneråd

Møteprotokoll for Askvoll sokneråd

Tid: 14.01.2015 kl. 15:15-17:25

Stad: ASKVOLL

Frammøtte:

Ole Andreas Myrstad	Leiar
Anne Grethe Lien	Nestleiar (forlot møtet før vedtak i sak 2015/08)
Stein Hugo Fykse	Medlem
Jorunn Ringstad	Medlem
Oddvar Reidar Indrebø	Medlem
Reidun Melvær Norheim	Medlem
Linda Karin Solheim	Medlem
Arne Fedøy	Medlem
Åge Guddal	Medlem

Forfall:

Jostein Vidar Takle	Medlem
Kari Berit Ness	Medlem
Inger Lise Saltskår	Medlem

Møtande frå administrasjonen:

Rune Ziener	Kyrkjeverje
-------------	-------------

Saker handsama på møtet:

Saksnr	Uo ff	Tittel	Sakshandsamar
2015/1		Godkjenning av innkalling, sakliste og dagsorden	RUNE ZIENER
2015/2		Godkjenning av protokoll frå møte 04.12.2014	RUNE ZIENER
2015/3		Skriv og meldingar	RUNE ZIENER
2015/4		Økonomireglement for Askvoll sokn	RUNE ZIENER
2015/5		Budsjett 2015	RUNE ZIENER
2015/6		Kyrkjevalet 2015 - Supplerande oppnemning av nominasjonskomite	RUNE ZIENER
2015/7		Askvoll sokneråd - møteplan 1. halvår 2015	RUNE ZIENER
2015/8		Orgelløysing i Askvoll kyrkje	

Askvoll, 14.01.2015

Ref.

Rune Ziener
kyrkjeverje

SR 2015/1 Godkjenning av innkalling, sakliste og dagsorden

INNSTILLING

1. Askvoll sokneråd godkjenner innkalling, sakliste og dagsorden som dei ligg føre.

MØTEHANDSAMING

Generell merknad frå Stein Hugo Fykse sett fram i møtet om at møtereferat frå kyrkjelydsutvala bør takast med under skriv- og meldingssaker.

Forslag frå Jorunn Ringstad om at orgelet i Askvoll vart teke opp under eventuelpunkt.

SAMRØYSTES VEDTAK

1. Askvoll sokneråd godkjenner innkalling, sakliste og dagsorden som dei ligg føre, med merknad og forslag som vart sett fram i møtet.

SR 2015/2 Godkjenning av protokoll frå møte 04.12.2015

INNSTILLING

1. Askvoll sokneråd godkjenner protokoll frå møte 04.12.2014.

SAMRØYSTES VEDTAK

1. Askvoll sokneråd godkjenner protokoll frå møte 04.12.2014.

SR 2015/3 Skriv og meldingar

UTGREIING

Følgjande skriv og meldingar vert lagt fram:

M 2015/01 Sivilingeniør Edvin Helle AS: *Utviding Askvoll gravplass* (07.01.2015)

M 2015/02 NVE: Bakkeelv - *Tilsegn om tilskot til gjennomføring av sikring av nedre del av Bakkeel ved Holmedal kyrkjegard - Askvoll kommune* (02.01.2015)

M 2015/03 Husbanken: *Rentekompensasjon til kirkebygg* (23.12.2015)

M 2015/04 Husbanken: *Rentekompensasjon til kirkebygg* (23.12.2015)

M 2015/05 Status på investeringsprosjekt

M 2015/06 Drøfting: Distribusjon av kyrkjeblad (evaluering)

M 2015/07 Orientering om dugnad i Holmedal kyrkje

INNSTILLING

1. Askvoll sokneråd tek dei framlagde skriv og meldingar til orientering.

SAMRØYSTES VEDTAK

1. Askvoll sokneråd tek dei framlagde skriv og meldingar til orientering.

FR 2015/4 Økonomireglement for Askvoll sokn

UTGREIING

Etter *Forskrift om økonomiforvaltningen for kirkelige fellestråd og menighetsråd i Den norske kirke* § 8 skal sokneråd og kyrkjelege fellestråd:

«vedta bestemmelser om økonomiforvaltningen i eget økonomireglement. Dette skal minst inneholde bestemmelser om:

- delegering av myndighet
- utarbeidelse av budsjettforslag til kommunen
- vedtak og endring av årsbudsjett
- intern rapportering og budsjettoppfølging».

Soknerådet bør ha eit dokument som viser kva retningslinjer soknerådet har sett for økonomiforvaltninga og kva fullmakter som er gitt i forhold til disponering av bankkonti og anskaffelse av varer og tenester.

Det bør leggst til rette for ein god intern kontroll og gode rutinar som primært skal motverke at det kan skje brot på regelverk.

Vidare bør eit slikt reglement sikre at budsjett-og rekneskapsprosessen skjer på ein forsvarleg måte og i henhold til gjeldande regelverk. Eit vedteke økonomireglement bør reviderast med visse mellomrom.

Det ligg ikkje føre standardforslag til økonomireglement, så eit slikt må ha ein lokal utforming.

Forslag til Økonomireglement for Askvoll sokn:

§ 1 Formål og verkeområde

1-1 Økonomireglement for Askvoll sokneråd skal legge til rette for ei god og forsvarleg økonomiforvaltning i soknerådet.

1-2 Reglementet gjeld for Askvoll sokneråd og omfattar alle rådet sine disponible midlar.

1-3 Kyrkjeverja har ansvar for at økonomiforvaltninga skjer i samsvar med gjeldande regelverk (forskrifter og lokalt reglement).

§ 2 Budsjett og økonomiplan

2-1 Askvoll sokneråd skal ein gang i året vedta årsbudsjett for drift, og evt. for investering, dersom det skal vere investeringar i rekneskapsåret.

2-2 Ein gang per år skal soknerådet vedta ein rullerande økonomiplan som omfattar dei kommande fire budsjettåra.

2-3 Budsjett og økonomiplan vert vedteke i rådet på grunnlag av forslag frå kyrkjeverja.

2-4 Soknerådet overheld fristar som vert sett av kommunen i samband med plan- og budsjettprosess, og elles fristar som går fram av økonomiforskriften.

2-5 Kyrkjeverja legg fram budsjettkontrollrapport kvart tertial, eller så ofte rådet finn det naudsynt.

2-6 Ved vesentlege budsjettavvik skal soknerådet varslast om dette.

2-7 Soknerådet fattar vedtak om budsjettendring i løpet av budsjettåret om rådet finn dette naudsynt.

2-8 Kyrkjeverja har slik fullmakt til å gjere budsjettendringar:

- a. Gjere budsjettendringar av rekneskapsmessig (teknisk) karakter.
- b. Gjere omposteringar på inntil kr 50.000,- innanfor eit budsjettår.
- c. Disponere meirinntekter som følgje av vakansar, sjukelønnsrefusjonar, særskilte eksterne tilskot/ løyvingar etter søknad og sals-/leigeinntekter innan 25% av kvar budsjettpost.

2-9 Kyrkjeverja har tilvisingsmynde innanfor vedtekne budsjetttrammer i den daglege drifta.

2-10 Kyrkjeverja kan ikkje tilvise betalningar til seg sjølv, eller til andre som ville innebere inhabilitet. Ved evt. inhabilitet vert tilvisingar føreteke av leiar/nestleiar av Askvoll sokneråd.

§ 3 Vare og tenestekjøp

3-1 Kyrkjeverja har mynde til vare-og tenestekjøp innanfor vedtekne budsjetttrammer.

3-2 Slikt vare og tenestekjøp kan delegerast vidare til andre av kyrkjeverja.

3-3 Enkeltanskaffelser med verdi over kr 100.000,- er protokollpliktig, og skal leggjast fram for Askvoll sokneråd for godkjenning.

§ 4 Rekneskap og årsrapport

4-1 Kyrkjeverja legg fram årsrapport og årsrekneskap innan 15. februar kvart år.

4-2 Askvoll sokneråd vedtek årsrapport og årsrekneskap innan 1. mars kvart år.

4-3 Kyrkjeverja sender vedteke årsrapport og årsrekneskap til revisor innan 1. mars.

4-4 Når revisjonsmelding ligg føre (etter 1. april) vert denne lagt fram for soknerådet til orientering.

4-5 Årsrekneskap og årsmelding vert presentert for soknemøtet når revisjonsmelding ligg føre.

§ 5 Disposisjonsfullmaktar

5-1 Bruk av fond (ubunde og bunde) forutset vedtak i Askvoll sokneråd, med mindre anna er forutsett ved fondsopprettinga.

5-2 Disposisjonsrett for Askvoll sokneråd sine bankkonti er gitt til følgjande personar:
- Kyrkjeverje har disposisjonsfullmakt for bunde fondskontoar.

- Askvoll kommune (v/økonomiavdelinga) har disposisjonsfullmakt for drifts- og skattetrekkskonto.

§ 6 Andre sikringsbestemmelser

6-1 Ein skal sikre at det alltid er minst eitt brot i ein anskaffelsesprosess, slik at det alltid er fleire enn eitt ledd (ein person) involvert frå ein vare eller ei teneste vert bestilt, motteke, tilvist til betaling og betaling vert utført.

6-2 Så langt som råd skal ein unngå kontanthandtering.

6-3 Når kontanthandtering likevel er naudsynt (t.d. ved opptak av offer eller ulike innsamlingsaksjonar, m.v.) skal alltid minst to personar ta del i pengeoppteljinga. Dei som deltek i oppteljinga skal signere for motteke beløp.

6-4 Motteke kontantbeløp vert lagt i forseгла konvolutt/seddelpose som vert signert av dei to som tek del i oppteljinga. Kontantbeløpet skal snarast råd setjast inn på soknerådet sin bankkonto. Innskot skal merkast på tilstrekkeleg vis.

6-5 Ved mottak av kontantbeløp skal det alltid utferdigast ei kvittering, der motteke beløp, tidspunkt for mottak, formål og evt. givar/betalar sitt namn.

6-6 Alle kvitteringar som brukast skal vere førehandsnummerert kvitteringsblokk/offerkvitteringsblokk.

INNSTILLING

1. Askvoll sokneråd vedtek økonomireglement for Askvoll sokn slik det ligg føre i forslag frå kyrkjevevja.

SAMRØYSTES VEDTAK

1. Askvoll sokneråd vedtek økonomireglement for Askvoll sokn slik det ligg føre i forslag frå kyrkjevevja.

FR 2015/5 Budsjett 2015

UTGREIING

Kyrkjelege fellelråd og sokneråd i eittsoknskommunar skal etter økonomiforskriftene § 4-2 innan byrjinga av budsjettåret, eller seinast 1 mnd. etter at kommunen sin bevilgning vert gjort kjent.

Årsbudsjettet er ein bindande plan for rådet sine midlar og korleis desse skal verte brukte i budsjettåret.

Budsjettet skal vidare byggje på rådet sin vedtekne økonomiplan.

Askvoll kommune har vedteke slikt tilskot for 2015:

Investeringsstilskot	kr 2.230.000,-	Avvik frå innmeldt behov	kr 982.000,-
Driftstilskot	kr 3.552.000,-	Avvik frå innmeldt behov	kr 50.000,-

DEL 1: Investeringsbudsjett 2015 Askvoll sokn

PROSJEKTMOTALAR

Holmedal kyrkjegard - Sikring mot Bakkeelva

Etter haustflom i 2013 vert det vurdert at det er risiko for at Bakkeelva kan gjere skade på bårhus og gravplass om ein ikkje set i verk sikringstiltak. NVE har vore på staden og føreteke vurderingar. Kostnads kalkyle og tiltaksplan er utarbeidd.

Tilskot frå NVE, inntil kr 1.019.000,- er innvilga pr. 02.01.2015.

Finansieringsbehov:

Kr 1,273 mill (20% kommunal finansiering og 80% statleg finansiering)

Kvammen kapell - Restaurering og utbetring av fuktskadar

I Kvammen kapell har ein i lang tid hatt problem med fuktinntrenging i bygget. Dette har ført til dels omfattande skadar i både golv-, vegg- og takkonstruksjon. Norconsult har utarbeidd ein tilstandsanalyse og tiltaksplan med kostnads kalkyle.

Finansieringsbehov:

Kr 2,957 mill (100% kommunal finansiering)

Dette prosjektet har ein fått tilsegn om rentekompensasjon for.

Askvoll kommune har ikkje gjeve prosjekttilskot for alle dei tilrådde deltiltaka i rapporten. Det er løyvd kr 1.976.000,- til kapellet, og dette vil vere nok til å dekke delprosjekt 1 og 4 (bytte av tak og utskifting av 3 ytterdører), samt ta noko av dei andre delprosjekta (2-3). I tillegg til denne finansieringa er det i budsjettforslaget føreslege kr 120.000,- overført frå driftsbudsjett.

Nytt elektrisk anlegg og varmesystem, Holmedal kyrkje

Grunna forseinkingar i prosjektering fekk ein ikkje realisert dette prosjektet etter planen i 2014. Prosjektet er derfor lagt inn på nytt til realisering i 2015.

ØKONOMI

Holmedal kyrkjegard - Sikring mot Bakkeelva

Rapport	30000
Anleggsarbeid(inkl. byggjeleing og tilbodsinnhenting)	1243000
<u>Finansieringsbehov</u>	<u>1273000</u>
Finansiering:	
Tilskot stat	-1019000
Investeringstilskot, kommune	-254000
<u>Sum finansiering</u>	<u>-1273000</u>

Kvammen kapell - Restaurering og utbetring av fuktskadar

Anbudsgrunnlag og tilbodsinnhenting	60000
Anleggsarbeidog byggjeleing (delprosjekt 1og 4)	1823000
Tilleggsarbeid (delprosjekt 2 og 3)	213000
<u>Finansieringsbehov</u>	<u>2096000</u>
Finansiering:	
Investeringstilskot, kommune	-1976000
Overført frå drift	-120000
<u>Sum finansiering</u>	<u>-2096000</u>

Holmedal kyrkje – EI-anlegg og ovnar

Anleggsarbeid	530000
<u>Finansieringsbehov</u>	<u>530000</u>
Finansiering:	
Bruk av bunde fond	-180000
Investeringstilskot, kommune	-350000
<u>Sum finansiering</u>	<u>-530000</u>

DEL 2: Drift

I planforslaget er det lagt opp til uendra, fast driftsnivå samanlikna med 2014. Oppsettet opererer med eit tydeleg skille mellom dei såkalla forvaltingsdelene av budsjettet som primært er kommunalt finansiert og kyrkjelydsarbeidet som har andre finansieringskjelder (t.d. statleg trusopplæringstilskot og diverse gaver/innsamla midlar).

1. HOVUDKAPITTEL 34100-34300 KYRKJELEG FORVALTNING**1.1.0 Utgifter****1.1.1 Lønn og sosiale utgifter**

Her er lagt opp til uendra fast driftsnivå frå siste del av 2014,men ein har redusert noko på kyrkjetenarressursen.

Vidare er lagt inn ekstraordinær lønnskostnad (godtgjersle) på kr 15000,- i samband med kyrkjevalet og auke i godtgjersle til folkevalde med kr 15.000,- som følgje av justeringar i reglement.

Driftsprosjekt - kartlegging av gravfestarar og reetablering av utløpte festeavtalar.

Det er lagt inn ein mellombels administrasjonsressurs på 20% gjennom heile året for å arbeide med kartlegging av festarar og etablering av nye festeavtaler, i og med at ein har eit etterslep på dette arbeidet fleire år tilbake i tid. Auka festeinntekter er lagt inn som finansiering av dette prosjektet med kostnad kr 107000,-.

Dette arbeidet er viktig å få teke snarast råd, fordi ytterlegare etterslep vil gi forsterke framtidig inntektsbortfall samt gjere gravplassforvaltinga meir komplisert.

Samla utgift frå 2015 er kr 2.638.700,- ned frå kr 2.814.000,- i ØP 2015.

Hovudgrunn til denne reduksjonen var bruk av feil grunnlagsdata på lønn i kyrkjeadministrasjonen i økonomiplanarbeidet.

1.1.2 Kjøp av varer og tenester

Her er lagt inn ein totalsum på kr 1.114.300,- (oppjustert frå kr 1.150.000,- i ØP).

Av totalsummen her er sett av kr 360.200,- til variabel vedlikehalds- og utviklingsplan 2015, og resterande kr 754.100,- går til relativt faste driftsutgifter som energi, graving, forsikring, m.v. Totalsummen her er nedjustert som følgje av endra reinhaldsløysing, reduserte telefonkostnader og forventa reduserte energikostnader samanlikna med ØP.

VU-plan 2015

Nokre av tiltaka i VU-planen i økonomiplanvedtaket er realisert i 2014. VU-plan er derfor noko justert i budsjettforslaget:

Tiltak	VU 2015	(ØP 2015)
Golvreparasjon og overflatebehandling, Holmedal	50000	50000
AV-utstyr Askvoll kyrkje	20000	50000
Bord til Askvoll kyrkje	0	30000
Oppslagstavle, Askvoll kyrkje	0	1000
Oppbevaringsløysing, Askvoll kyrkje	12000	20000
Oppbevaringsløysing, Kvammen kapell	10000	10000
Oppbevaringsløysing, Holmedal kyrkje	16000	10000
Gravferdskapper (3 stk)	13000	13000
PC'ar, kyrjekontoret	3000	6000
Uføresett vedlikehald	60000	60000
Stabsutviklingstiltak	15000	15000
Snøfresarar til Askvoll og Holmedal	45000	0
Salmeboktraller til Askvoll	5000	0
Barnekrok til Holmedal kyrkje	16000	0
Ferdigstilling interiør, Askvoll kyrkje	50000	0
Prosjektering av galleritrapp og HC-inngang, Holmedal	32200	0
SUM	360200	265000

1.1.3 Avsetningar

Her ligg inne avsetningar av gåver og kyrkjeoffer til bunde fond for kyrkjene, stipulert kr 20.000,-.

Overføring til investeringsrekneskapan med kr 120.000,- til delfinansiering av rehabilitering av Kvammen kapell og kr 13.000,- til pliktig kapitalinnskot til KLP.

Det er vidare stipulert med tilskot til andre, kr 50.000,- for leige av bedehusapella.

1.2.0 Inntekter**1.2.1 Brukarbetaling, sal, avgifter og leigeinntekter**

Dette vil vere ein varierende inntektskategori, særleg ut frå varierende tal festefornying. Det er registrert 75 festeutløp i 2015, men arbeidet med å reetablere eldre avtalar held fram. Stipulert tal nye/gjenopptekne festeavtalar for 2015 er i forslaget sett til 230 stk. og det er då rekna inn reetablering av om lag 155 tidlegare utløpte festeavtalar, som vil gi ein inntekt på om lag kr 190.000,-.

Samla festeinntekt er nedjustert med om lag kr 40.000,- fordi ein frå 2015 berre fakturerer festegraver for 5-årsperiodar, og ikkje lenger for 10-årsperiodar (slik at inntektsføringa skjer på eit seinare tidspunkt).

I tillegg har ein inntekt på utanbygds gravleggingar, stipulert til kr 12.000,- (2 utanbygds gravleggingar).

Vidare er det stipulert kr 4.000,- i leigeinntekt for kyrkjene.

Total inntekt er sett til kr 206.000,-.

1.2.2 Refusjonar og overføringar

Refusjon frå Askvoll kulturskule for utleige av muskar, stipulert kr 160.000,-.

1.2.3 Rammetilskot eigen kommune

Løyving kr 3.552.000,- i samsvar med budsjettvedtak for Askvoll kommune.

1.2.4 Andre tilskot og gåver

Stipulert kr 20.000,- i gåve og offerinntekter til kyrkjene, samt statleg tilskot til gjennomføring av kyrkjevalet 2015.

HOVUDOPPSETT FORVALTNING

Utgifter	Budsjett 2015	ØP 2015
Lønn og sosiale utgifter	2638700	2814000
Varer og tenester VU-plan	360200	285000
Kjøp av varer og tenester	754100	855000
Avsetningar	203000	40000
Sum utgifter	3956000	4004000
Inntekter		
Brukarbetaling, sal, avgifter	-206000	-240000
Refusjonar og overføringar	-160000	-145000
Rammetilskot eigen kommune	-3552000	-3595000
Andre tilskot og gåver	-35000	-30000
Bruk av fond	-2000	0

Renteinntekt	-1000	
Sum inntekter	-3956000	-4010000
Differanse	0	-6000

2 Hovudskapittel 04400- Anna kyrkjeleg verksemd

Soknet sitt kyrkjelydsrelaterte arbeid vil primært verte finansierast ved særskilte ikkje-kommunale tilskot (t.d. trusopplæringstilskot), gåver, kyrkjeofringar og brukarbetalingar/eigenandelar.

2.1 Teneste 04400: Anna kyrkjeleg verksemd

Under dette delkapitlet ligg det budsjettpostar knytt til andre kyrkjelydsaktivitetar, t.d. medarbeidarfest, kyrkjekaffi, kyrkjemusikk etc., samt ofringar og innsamlingar til eksterne mottakarar. Ofringar til eksterne mottakarar og innsamlingsaksjonen til Kirkens Nødhjelp ligg med kalkulatorisk effekt og vil ikkje påverke driftsresultatet.

TENESTE 04400 Anna kyrkjeleg verksemd	Beløp
Anna forbruksmateriell, råvarer og tenester	50000
Overføring av ofringar og innsamla midlar	90000
Kirkens Nødhjelp	30000
Offer/innsamla til eiga verksemd	-50000
Offer/innsamla til andre	-90000
Kirkens Nødhjelp	-30000
Differanse	0

2.2. Teneste 04432: Trusopplæring

TENESTE 04432 Trusopplæring (0-18)	
Fast løn	170000,00
Løn til vikarar	20000,00
Telefongodtgjerdsle	3000,00
Pensjonsinnskot - KLP	29000,00
Trekkpliktige forsikringar	1000,00
Arbeidsgjevaravgift	21000,00
Forbruksmateriell/utstyr og teneste...	70000,00
Anna forbruksmateriell/råvarer og t...	19000,00
Post, bank, telefoni og dataliner	0,00
Opplæring, kurs (ikkje oppg.pl.)	2000,00
Transport, drift egne transp.mid. ...	10000,00
Forsikringar	1000,00
Personforsikringar	1000,00
Leige av lokale og grunn	1500,00
Inventar og utstyr	10000,00
Refusjon til andre	0,00
Meirverdiavg. utanfor mva-lova (kom...	20000,00
Betaling frå deltakarar	-33500,00
Refusjon sjukepengar	-20000,00
Kompensasjon moms påløpt i driftsre...	-20000,00
Tilskot frå staten/statlege institu...	-305000,00
Differanse	0

2.3 Teneste 04479: Kyrkjeblad

Trykkekostnader for kyrkjebladet bør finansierast ved annonsesal og bladpengar/gåver. Ein god layout med fargestrykk er relativt kostbart, og inntekter på 2014-nivå vil ikkje fullfinansiere dette. Det er eit mål med fire publikasjonar årleg for å halde god kontinuitet i publikasjonane.

Ein må vurdere tiltak for å auke inntektene, eller alternativt redusere talet utgivelser for å sikre ein berekraftig driftsøkonomi for bladet. Det er budsjettert med bruk av disposisjonsfond for å fullfinansiere kyrkjebladet.

TENESTE 04479 Kyrkjeblad	Beløp
Anna forbruksmateriell/råvarer og t...	100000,00
Post, bank, telefoni og dataliner	7000,00
Inventar og utstyr	0,00
Meirverdiavg. utanfor mva-lova (kom...	2000,00
Sal av varer og tenester, gebyr	-50000,00
Kompensasjon moms påløpt i driftsre...	-2000,00
Offer/innsamla til eiga verksemd	-10000,00
Bruk av ubundne fond	-47000,00
Differanse	0,00

INNSTILLING

1. Askvoll sokneråd vedtek investeringsbudsjett, driftsbudsjett og vedlikehalds- og utviklingsplan som dei ligg føre i forslaget frå kyrkjeverja.

SAMRØYSTES VEDTAK

1. Askvoll sokneråd vedtek investeringsbudsjett, driftsbudsjett og vedlikehalds- og utviklingsplan som dei ligg føre i forslaget frå kyrkjeverja.

SR 2015/6 Kyrkjevalet 2015 - Supplerande oppnemning av nominasjonskomite

UTGREIING

I sak SR 2014/80 vart det oppnemnt tre medlemmer til soknerådet sin nominasjonskomité for kyrkjevalet 2015. Desse er:

Kari Berit Ness (Holmedal)
Jarl Løvik (Kvammen)
Magnar Hillersøy (Bulandet)

Det bør gjerast supplerande oppnemning for å sikre større geografisk spreing og lette arbeidet til komitémedlemmene.

INNSTILLING

Ingen

MØTEHANDSAMING

Forslag frå Ole Andreas Myrstad om at Ragnhild Holmelid (Askvoll) vert oppnemnt som medlem i nominasjonskomitéen.

SAMRØYSTES VEDTAK

1. Askvoll sokneråd vedtek forslaget frå Ole Andreas Myrstad.

SR 2015/7 Askvoll sokneråd - møteplan 1. halvår 2015

UTGREIING

Forslag til møtedatoar for Askvoll sokneråd, første halvår 2015:

14.01.2015 (Budsjett)
26.02.2015 (Vedtak av årsrekneskap og årsmelding)
26.03.2015
07.05.2015 (Godkjenning av kandidatliste til kyrkjevalet og andre valsaker)
04.06.2015

INNSTILLING

1. Askvoll sokneråd vedtek møteplan for 1. halvår 2015 som den ligg føre i forslag frå kyrkjeverja.

MØTEHANDSAMING

Forslag frå Stein Hugo Fykse om at ein i tillegg til soknerådsmøta legg inn kyrkjelydens årsmøte i

Holmedal kyrkje i Holmedal kyrkje den 12. april.

SAMRØYSTES VEDTAK

1. Askvoll sokneråd vedtek møteplan for 1. halvår 2015 som den ligg føre i forslag frå kyrkjeverja med tilleggsforslag frå Stein Hugo Fykse.

FR 2015/7 Orgelløysing i Askvoll kyrkje

UTGREIING

Saka vart teke opp under eventuelt, og det låg ikkje føre saksutgreiing.

MØTEHANDSAMING

Drøfting om kva løysing ein bør velje for orgelet i Askvoll.

SAMRØYSTES VEDTAK

1. Kyrkjeverja nyttar regional orgelkompetanse (kantorar frå prostiet) for å få innhenta fleire tilbod på restaurasjon av orgelet i Askvoll kyrkje.